


Fangsten stoppa på 1114 kilo**26.11.2012**

Fangstresultatet i år i Uskedalselva har ikkje vore offentleggjort i uskedalen.no, men det vart 1111,4 kilo i motsetnad til 1400 kilo i 2011-sesongen. Med andre ord vart resultatet relativt bra sjølv om elveeigarlaget stoppa døgnkortsålet allereie 25. juli med dobbel grunngjeving: Organisasjonsforma til laget og forskaruttale om at fjarårsfangsten var i største laget.

Laksefangsten var 1008,95 kilo fordelt med 178,15 kilo storlaks, 672,9 kilo mellomlaks og 157,9 smålaks. 52,4 kilo av laksen vart sett ut att og det talet kunne ha vore større, held elveeigarlaget fram.

Derimot er dei svært godt nøgde med at 40,25 kilo av 105,45 kilo fanga aure vart sett ut att.

Dette var første året elveeigarlaget hadde eiga nettside, men dette verktøyet fungerte heller dårlig som rapporteringskanal. Her må det skje ei skjerping i 2013, konstaterer laget.

Den glade fiskar over er Jone Rørheim. Ungguten var ein av dei ivrigste ved elva også i år og fisken han presenterar her vog 8 kilo.

Av: Ola Matti Mathisen

Foto: Anne Rørheim